



Ein time med krimforfattarane Gunnar Staalesen og Lasse Gallefoss var ei fin oppleving for alle i Dønhaugkjedlaren.

**Vidar Haugland får det til. Sist var det Jon Fosse kveld. No var overskrifta Krim og Jazz, eller skal vi sei Krim og Blues. Ein fullsett Dønhaugkjedlar fekk ei fagleg og kulturell oppleving med innsyn i det å skriva krim på eit høgt litterært nivå. Gunnar Staalesen markerer 50 år som forfattar. Lasse Gallefoss med sin bakgrunn som journalist og dokumentarfilmskapar kom ut med si fyrste bok, Krigernes fred, i år.**

I samtalen mellom dei kom det fram mykje nytt, særleg for ein som ikkje kjenner krimgeneren særleg godt. Gunnar Staalesen brukar 9 månader på å skriva ei krimbok. Gallefoss har brukt fleire år på si bok. Krigernes fred med bakgrunn i krigen og åra etter, er omskriven fem gonger. Boka handlar om den kalde krigen, om tida frå 1947, i eit samfunn der ein la vekt på å gjenskapa heltehistoria til dei vann krigen.

Lasse Gallefoss vil vita meir og er inspirert av Per Hansson si bok Det største spillet og ikkje minst frå ein bestefar som var aktiv i Milorg. Han vil mellom anna få fram den brutale torturen nordmenn i krigsåra brukte mot andre nordmenn og om dei mange som gjekk i teneste for tyskarane.



Gjestene likte det dei fekk høyra frå blusebandet BlueMen.

Gunnar Staalesen er ein god formidlar. Krimhistoria på to minuttar, der det heile byrjar med mordet på Abel i G.T, via Agatha Christie og det svenske ekteparet Sjøwall og Wahløø og fram til Jon Nesbø, fortel mykje om krimlitteraturen i endring. Det siste er krimbøker på nynorsk mellom anna av Agnes Ravatn og Ruth Lillegraven. Det handlar mykje om å skapa merksemd og nå fram til lesarane. Serien om Varg Veum starta i 1977 og er til no ei samling på 19 romanar og to novellesamlingar. Ei krimbok må ha ei god forteljing og eit aktuelt tema.

Ein times samtale gjekk rykande fort. Publikum var framifrå disiplinerte. Slik skal det vera om ein skal få eit fagleg utbyte, men også ei oppleving frå to markerte krimforfattarar. Lasse Gallefoss er nominert til Ung Blod prisen med utdeling i november. Gunnar Staalesen held fram med si skrivning og er open for ei kriminell handling og mord i Uskedalen som kan syna igjen i neste bok.

Vidar Haugland takka for støtte frå sponsorar, forlag og Kvinnherad kulturkontor. Forfattarane fekk ei personleg gåve, bilete laga av Vidar sjølv med lokale motiv frå Uskedalen.

Uskedalen.no spør: Kva tid kjem neste bokbad med musikk i Dønhaugkjedlaren og kva vert tema ?

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård - Grenda



Primus motor Vidar Haugland var saman med Jazzklubben og Magne Huglen ansvarleg for Krim og Jazz på Dønhaug fredag kveld.